

MØTEPROTOKOLL

Utval: Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad: Kommunetunet
Møtedato: 22.08.2017 **Tid:** kl.15:00 - 17:05

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.
Saklista og sakspapir vart gjort tilgjengeleg elektronisk 22.08.2017.
Møtet vart kunngjort på heimesida.

Desse medlemene møtte:	Parti
Eirin Bergheim	
Gudleik Østerbø	
Agnete Digranes Årvik	Ap
Åse Margrethe Hegre Riise	
Arne Holmefjord	

Forfall	Parti	Møtande varamedlemmer	Parti
Wenche Holmefjord		Ingen vararep. kunne møta på så kort varsel	
Svein Lang	Sp	Aud May Boge, H,	

Møtenotat:

Inhabilitet:

Aud May Boge var inhabil i sak 048/2017. Vararepresentant var forsøkt kalla inn, men kunne ikkje møta. Aud May Boge gjekk frå møtet kl 16.30.

Andre som var tilstades:

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Merkander til innkalling og sakliste:

Gudleik Østerbø hadde merknader til innkallinga: For kort tid frå innkalling til møtet, og for lita tid til å setja seg inn i sakene. Han har hatt same problem med iPad som i forrige møte. Å gjennomføra møte, utan at medlemmer har fått førebudd seg, er ikkje forsvarleg sakshandsaming. Saklista vart samrøystes vedteke endra slik at sak 48/2017 vart handsama som siste sak. Det var elles ingen merknad til innkalling og sakliste.

Neste møte planlegg ein tek til kl 14.00.

Leiar Eirin Bergheim leia møtet.

Evt. merknader til prtotokollen må sendast Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen 15.09.2017

Eirin Bergheim
Leiar

Gunn Sissel Teigen
Ansvarleg sekretær

Sakliste

Sak nr.	Tittel
047/2017	Godkjenning av møteprotokoll
048/2017	Godkjenning av planprogram - Områdeplan for Samnøy industriområde
049/2017	Eldredagen - handsaming i møte 22.08.2017
050/2017	Skriv, meldingar og open post 22.08.2017

047/2017: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå møte 29.05.2017 vert godkjent.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 22.08.2017:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

RAAD- 047/2017 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 29.05.2017 vert godkjent.

048/2017: Godkjenning av planprogram - Områdeplan for Samnøy industriområde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner planprogram for områdeplan for Samnøy industriområde.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Utval for plan og miljø 24.08.2017:

Handsaming:

Utvalet for plan og miljø vedtok samrøystes å tilrå rådmannen sitt framlegg til vedtak.

UPM- 066/2017 Vedtak:

Utvalet for plan og miljø tilrådde rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 22.08.2017:

Handsaming:

Aud May Boge, H, spurte om ho var inhabil på grunn av eigarinteresser i planområdet. Ho gjekk frå. Vararepresentant var forsøkt innkalla, men ingen kunne møta.

Aud May Boge vart samrøystes kjend inhabil. Jf. kommunelova § 40 nr 3 og forvaltningslova §6 1. og 2. ledd.

Følgjande felles framlegg fremja av alle møtande medlemer og varamedlemer vart samrøystes vedteke (5 røyster) :

Det er viktig at trafikksikringstiltak, for dei mjuke trafikantane i dette området, kjem høgt opp

på dagsorden.

Universell utforma trafikksikring må gjennomførast før utbygging.

Følgjande framlegg fremja av Gudleik Østerbø fall mot 2 røyster (Gudleik Østerbø, Arne Holmefjord)

Kryss ved fv. 48 og til butikken må opprustast også med gangfelt.

Frå fv. 125 og til tømmerkai vert å nytte alternativ 2 (frå Hestasteghaugen).

Ved større ekspansjon i området, må ein vurderer ny veg frå kryss v/Kalven og inn til alternativ 2.

RAAD- 048/2017 Vedtak:

Det er viktig at trafikksikringstiltak, for dei mjuke trafikantane i dette området, kjem høgt opp på dagsorden.

Universell utforma trafikksikring må gjennomførast før utbygging.

049/2017: Eldredagen - handsaming i møte 22.08.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 22.08.2017:

Handsaming:

Arbeidsgruppa orienterte. Drøfting. I utgangspunktet kr 250,- i inngangspengar inkl. utlodning

Nytt møte i arbeidsgruppa 6. september. Eirin Bergheim deltek også på møtet og er med i arbeidsgruppa. Må setjast opp eit budsjett. Arbeidsgruppa har fullmakt til å fastsetja programmet. Annonsering og kunngjering som i fjor.

Saka vart samrøystes teke til etterretning.

RAAD- 049/2017 Vedtak:

Saka vart teke til etterretning.

050/2017: Skriv, meldingar og open post 22.08.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til handsaming.

Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 22.08.2017:

Handsaming:

Felles møte med Os eldreråd og evt. Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Leiar i Os eldreråd og leiar i Fusa sitt felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å ha felles møte måndag 16.10.2017. Møtestad her i Fusa – Kommunetunet.

Eit ca 2 timars fellesmøte frå kl 12.00 – 14.00. Eventuelt så kan ein kl 14.15 – 16.15 ha eit møte mellom Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Fusa sitt felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne.

Sekretariatet tek opp spørsmålet om fellesmøte med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Planlegging av fellesmøte vert sak i neste møte i senior- og funksjonsrådet.

Samrøystes vedtak:

Til etterretning.

Kommunereforma

Sak 58/2017 i kommunestyret, lenkje til innkallingar og referat, presentasjon frå KS Agenda 15.06.2017 i felles kommunestyremøte var sendt ut i innkallinga.

Følgjande felles framlegg fremja av alle møtande medlemmer og varamedlemmer vart samrøystes vedteke (6 r) :

Politisk organisering i ny kommune

Senior- og funksjonsrådet er positive til at det vert eitt eldreråd og eitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Ved oppnemning av medlemmer i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne :

Senior- og funksjonsrådet ber om at det vert representasjon både frå formannskapet, plan og bygningssutval og driftsutval - medlemmer som også er kommunestyrerepresentantar.

Til mandat og arbeidet i fellesnemda

Senior- og funksjonsrådet ber om å verta involvert i utviklinga av den nye kommunen. Senior- og funksjonsrådet må få saker til uttale i god tid før det blir gjort vedtak i fellesnemda . Gode møteplanar som ivaretek involvering må derfor utarbeidast.

Eldrerådskonferanse

Samrøystes vedtak - til orientering.

RAAD- 050/2017 Vedtak:

Felles møte med Os eldreråd og evt. Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Leiar i Os eldreråd og leiar i Fusa sitt felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å ha felles møte måndag 16.10.2017. Møtestad her i Fusa – Kommuneunet.

Eit ca 2 timars fellesmøte frå kl 12.00 – 14.00. Eventuelt så kan ein kl 14.15 – 16.15 ha eit møte mellom Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Fusa sitt felles råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne.

Sekretariatet tek opp spørsmålet om fellesmøte med Os sitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Planlegging av fellesmøte vert sak i neste møte i senior- og funksjonsrådet.

Samrøystes vedtak:

Til etterretning.

Politisk organisering i ny kommune

Senior- og funksjonsrådet er positive til at det vert eitt eldreråd og eitt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Ved oppnemning av medlemmer i eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne :

Senior- og funksjonsrådet ber om at det vert representasjon både frå formannskapet, plan og bygningsutval og driftsutval - medlemmer som også er kommunestyrerepresentantar.

Til mandat og arbeidet i fellesnemda

Senior- og funksjonsrådet ber om å verta involvert i utviklinga av den nye kommunen.

Senior- og funksjonsrådet må få saker til uttale i god tid før det blir gjort vedtak i fellesnemda . Gode møteplanar som ivaretek involvering må derfor utarbeidast.

Eldrerådskonferanse

Samrøystes vedtak - til orientering.